

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** tirsdag 15. februar 2022 21:28  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Kommuneplanen sin samfunnsdel - høyringsuttale frå Alver Senterparti

Til Alver kommune

## Kommuneplanen sin samfunnsdel - Høyringsuttale frå Alver Senterparti

Vi viser til at Alver kommune har lagt Kommuneplanen sin samfunnsdel ut på høyring. Samfunnsdelen vart drøfta på årsmøte i Alver Senterparti 14. februar, og det var semje om at styret sender inn uttale til planen.

### Busetjing i heile kommunen

Alver kommune har mange bygder som ligg utanfor sentra. Det er difor svært viktig at Samfunnsdelen legg opp til at det skal skje ei utvikling - også utanfor dei stadene som er definerte som senter i utkast til plan. Det er viktig å oppretthalde busetnaden i bygdene. Utanfor senterområda ønskjer vi difor å opna opp for einskildtomter for å sikra vedlikehaldsvekst og livskraftige grender også i framtida. Etterspurnad etter slike strøtomter vil i all hovudsak vera frå personar som har røter i dei ulike grendene, og har eit ønskje om å koma tilbake og bidra til å vidareføre gode lokalmiljø. Dette vil bidra til at viktige samfunnsfunksjoner som skule, barnehage og butikk kan oppretthaldest og at det frivillige lags- organisasjonslivet framleis kan gje sine tilbod også utanfor meir sentrale område. Nye bustader bør koplast på eksisterande busetnad og infrastruktur. Eit mogleg tiltak kan vera at dei ulike bygdene får tildelt eit tal bustader som kan byggjast spreidd i planperioden.

Alver kommune må arbeida for å få makt til å kunna få utvikla både store og små lokalsamfunn og at statlege planretningslinjer gjev stor opning for vektlegging av å oppretthalde busetjinga på bygdene.

### Senterstruktur

#### Austmarka som nærsenter i Kommuneplanen sin samfunnsdel

Alver Senterparti meiner det er viktig å sikra vidare utvikling i søre delen av gamle Radøy kommune.

Austmarka i Radøy fyller alle krav til å kunna utvikla seg som eit nærsenter for søndre delen av tidlegare Radøy kommune.

**I forhold til ulike kriterier burde det ikkje vera tvil om at Austmarka må verta tatt inn i planen som eit av nærsentra i Alver kommune.**

Tidlegare Radøy kommune vedtok å satsa på Austmarka som utbyggingsområde for søre del av kommunen, og arbeidet starta slik at dei første bustadene vart bygt i 1970. Skule vart bygt i 1970 og det vart ei rivande utbygging av bustader i det kommunale byggefeltet.

Austmarka er i dag definert som tettstad av SSB og det bur no 450 personar her. På vel eitt år har det no kome til 6 firemannsbustader (24 bustadeiningar) og 5 tomannsbustader (10 bustadeiningar) som då utgjer siste del av utbyggingsområdet i det første byggefeltet.

Det er regulert nytt felt på oppsida av fylkesvegen som ved full utbygging utgjer 149 bueiningar. I tillegg ligg det gule område i kommunedelplanen for Radøy på begge sider av fylkesvegen innover mot Storheimstø.

## Austmarka har i dag

- Ny barneskule for ca 250 elevar som har god plass (ca 100 elevar i dag)
- Barnehage med 3 avdelingar
- Flerbrukskall i tilknyting til skulen
- Kunstgrasbane med nye klubblokale og garderobar
- Ballbinge ved skulen
- Gode uteaktivitetsområde både ved skulen og i barnehagen
- Tilrettelagt badeplass (BOF) med god tilkomstveg og toalett like nedanfor idrettsplassen
- Eit mindre næringsområde med Bunnprisbutikk, blomsterbutikk og frisør. Resten av næringsområdet er planert og kan byggjast ut
- Gode busssamband til/frå Austmarka. Ganske enkelt å utvida parkeringsområde/tilretteleggja for innfartsparkering
- Trafikksikker gang og sykkelveg gjennom utmarka og over til Solheim/Sæbø med kyrkje/ungdomshus/byggefelt m.m.
- Mange turstiar i område som gjev høve til mosjon og friluftsliv (Solheimåsen, Staurevarden, Tjorehagen, Grønfjellet, Peprane)

Det er svært viktig at Austmarka får nærsenterstatus slik at ein får til ei vidare utvikling i området som støttar opp under butikken og andre næringsdrivande og sameleis vil det vera med å halda oppe aktiviteten i frivillige lag og organisasjonar i denne delen av kommunen.

Det vi gjerne verta ein vidare diskusjon om moglege fleire nærsenter i Alver kommune. Det er her viktige å høyra på lokalbefolkinga sine ønskje. Eit slikt nærsenter kan vera Sletta som senter for Austebygda. Dette bygdelaget må takast vare på og utviklast vidare. Bygda har mange gode kvalitetar og har gjennom si historie vore eit viktig bygdelag. Som ein del av gamle Lindås kommune (før 1964) var det naturleg at det var bygt opp tenester som skule, dampskipskai, meieri, post, fleire butikkar, bedehus, ungdomshus og fotballbane. Bygda har elles utmerka seg med ein enorm frivillig innsats der det meste er bygt på dugnadsarbeid.

## Frivillig arbeid

Frivilligheita er av avgjerande betydning for at Alver kommune skal vera ein god kommune å leva og bu i. Det trengst eit løft no - særleg med bakgrunn i den situasjon som frivillig arbeid har vore i under pandemien, der mange lag har fått stor nedgang i medlemstal. Kultur, idrett og frivillig arbeid må få føreseielege rammevilkår slik at dei kan veksa og skapa tilbod for alle aldersgrupper og alle funksjonsnivå.

Det er også viktig at kulturskulen, folkebiblioteket og ungdomsklubbane vert styrka.

Både dei tidlegare kommunane Lindås og Radøy har vore utpeika til kulturkommunar i gamle Hordaland. Dette burde vera eit mål å leva opp til for Alver kommune.

I tillegg er det viktig at det vert lagt opp ein strategi for å ivareta gamle kulturminne. Alver kommune bør etablira ein eller fleire stader der gamle ting kan takast vare på og stillast ut frå tid til annan. Mange «eldsjeler» har lokale samlingar og desse står i fare for å forsvinna dersom ikkje noko vert gjort. Dette er ei oppgåve som kommunen, gjerne i samarbeid med dei mange frivillige, må prioritera før det er for seint.

## Landbruk

Eit landbruk som er tilpassa lokalt klima: Auka satsing på drenering av dyrka jord, og bygging av jord- og skogbruksvegar.

Eit ope velstelt kulturlandskap, og ei god utnytting av utmarksressursar: Mjølk og storfeproduksjonen er den viktigaste når det gjeld heiltidssysselsetjing, og sau/lammeproduksjon er viktigaste deltidsproduksjonen. Desse produksjonene er og vil vera ryggraden i det lokale jordbruket. Bær og frukt og andre nisjeproduksjonar, saman med lokal foredling, er også eit viktig bidrag til at me kan produsera mest mogleg av maten vår lokalt.

Det må også vera eit mål at me har eit sterkt jordvern, der me hindrar at dyrka og dyrkbar jord vert omdisponert til andre formål.

#### **Offentleg infrastruktur**

Det er viktig at Alver kommune satsar på framføring av kommunalt vatn til bygder som ikkje har dette i dag.

Alver Senterparti  
Asbjørn Nagell Toft  
leiar